



Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

Nr. 3 JUL 2025 | 103. ÅRG.



*Vi ønskjer alle
ei velsigna julehøgtid!*



Julekort

Ein gong fekk mor mi eit julekort som begynte slik: "Kjære Jesus".

Vi lo mykje av det kortet. No hugsar eg ikkje lenger kven avsendaren var. Men eg tenker at han eller ho sikkert var vant til å be, og fann ro og styrke i å be til Jesus. Så i ei stille kveldstund med ein bunke julekort framfor seg og tankane i flyt, var det kanskje mest nærliggande å skrive nettopp det: Kjære Jesus.

Sjølv er eg veldig glad i å få julekort. Eg prøver å sende nokre frå meg også. Eg synest det er fint å skrive til slekt og vener om året som har gått, korleis vi har det i familien, og kanskje også med ein refleksjon over hendingar i verda som har gjort inntrykk på oss. Til det siste vil det i alle fall vere mykje å ta av når dette året går mot slutten.

Bibelen inneheld mange brev. Kanskje ikkje akkurat julebrev, men elles med mykje som liknar dei breva vi sender i denne tida: Med stor omsorg for mottakarane og med gode råd for korleis ein skal leve saman i kyrkjelydane og vere truverdige vitne om trua på Jesus Kristus.

Og ikkje minst: Med overtydande glede og kjærleik til Gud som har gjeve oss den finaste av alle gåver: Jesus Kristus. Gåva som har gjeve evig von.

Eit brev vi kan lese i juletida, er brevet frå Paulus til kyrkjelyden i Roma. Der minner han både kyrkjelyden og oss om barnet som vart fødd i Betlehem, han som kom frå Gud og som gav oss vona som gjer at vi kan få del i den himmelske gleda:

Isais rotskot skal koma, han som reiser seg og rår over folka, til han skal folkeslaga setja si von. Må Gud, som gjev von, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på von ved Den heilage andens kraft.

(Rom 15, 12-13)

Denne jula skal vi igjen verkeleg kunne seie: Kjære Jesus!

For Jesus er vona vi har fått del i. Vona som vaks fram or ein kvist – eit rotskot. Barnet som kom til verda i mørke og kulde er han som kom med frelse for alle menneske. Det er verkeleg slik Paulus skriv så oppmuntrande i brevet sitt: Vi kan vere rike på von ved Den heilage andens kraft!

Kanskje er det ei erfaring at det er ut frå det som er stussleg og lite, det vi tenkte små tankar om, at noko vakkert vaks fram. Vi kan tenke på vårt eige liv og sjå at der er spor attende til ein stad der det var håplaut, der livet var mørkt, der ein ikkje såg von for morgondagen.

Men midt i det som var mørkast og mest utan von, har vi fått lovnad om det som skal kome som skulle vise seg å gjere ein skilnad. I mørket i stallen opna det nyfødde barnet augo og såg sine medmenneske med Guds blikk. Han kom med lyset. Der var Gud.

Så om eg skulle skrive ei julebøn dette året, ville den vere slik:

*Kjære Jesus, det er du som skal kome.
Av den tørraste kvist skal von springe fram.
Av det som ingen rekna for noko, skal liv bryte fram.
Vi gler oss til du kjem. Vi treng at du kjem.
Amen.*

Biskop Ragnhild Jepsen



Biskop Ragnhild Jepsen.
Foto: Bjørgvin bispedømekontor.

Krevjande budsjettider

Vi går inn i ei tid med store økonomiske utfordringar for soknet vårt. Varsla nedskjeringar i kommunen frå 2026 inneber at tilskotet til kyrkja vert redusert med om lag kr 800.000,-, ned til kr 3.307.436,- – ein nedgang på rundt 20 %. For å setje dette i perspektiv: Vi må tilbake til 2012 for å finne eit tilskotsnivå på tilsvarende kronebeløp.

Ein slik reduksjon er dramatisk. Soknerådet har allereie lagt inn fleire kutt, men vi manglar framleis om lag kr 300.000,- for å få budsjettet for 2026 i balanse. Vi har kutta møtegodtgjersle, redusert reinhald og førebuingstid, og vurderer å stanse vedlikehald og omgjere stillingar. Likevel er det ikkje nok. Skal vi nå målet om varsla innsparing, må vi vurdere ytterlegare nedbemanning og kutt i sesongarbeid på gravplassane. Det vil få tydelege konsekvensar for drifta og tilsette – og for korleis kyrkjegardane våre vert haldne ved like.

Askvoll har særlege utfordringar: mange gravplassar og kyrkjebygg sett opp mot folketalet, store geografiske avstandar og lovpålagde krav. Å halde ved like ei kyrkje kostar det same om kommunen har

3.000 eller 10.000 innbyggjarar. Tilskotsnivået vårt reflekterer ikkje overforbruk, men nødvendige basiskostnader for å sikre forsvarleg drift av kyrkjebygg og gravplassar.

Vi ber kommunen om å ta omsyn til desse realitetane. Samstundes må vi erkjenne at ein slik reduksjon kan føre til at vi må tenkje nytt om korleis oppgåver vert løyst. Kanskje må vi i større grad lene oss på fellesskap og frivillig innsats og dugnad for å halde oppe det som betyr mest for oss: verdige livsseremoniar, velstelte gravplassar og kyrkjer som står som samlingspunkt i bygdene våre.

Dette er krevjande tider, men vi har tru på at vi saman kan finne løysingar som tek vare på både kulturarv og fellesskap.

Wenche Ness Gabrielsen
soknerådsleiar



Takk til Tore

November var siste arbeidsmånaden til Tore Vasseth, vår kyrkjegardsarbeidar gjennom svært mange år, heilt frå 1997, då soknet overtok arbeidsgivaransvaret frå kommunen.

No har Tore gått over i pensjonistenes rekker og

vi nyttar høvet til å takke så mykje for lang og trufast teneste med å halde kyrkjegardar og gravplassar ved like. Vi ønskjer han lukke til med ny tilværelse.

Staben



Tore vart takka av med ein god lunsj på kyrkjekontoret.

Julekonsert



Fellessong med Havklang og Askvoll Kyrkjekor

Det finst mange gode tradisjonar i alle plassar. I Askvoll har vi ein fin tradisjon med julekonsert for heile soknet med flinke folk frå Askvoll. Vi prøver med ein «fast dato» for julekonsert, første onsdag i desember.

I år var det litt spesielt med stor «barneavdeling» i konserten. Heilt spesielt var det å høyre «God Jul» ikkje berre på norsk, men på ukrainsk, aserbajdsjansk og polsk.

Det var inngangsprosesjon med barnekor, mens dei song «Santa Lucia» og bar inn lys. Så var det 3 songar til frå barnekoret. Det var fleire born frå koret som spelte på forskjellige instrument og sang solo i konserten. Og det var ukrainsk kor som sang ein ukrainsk julesang. Vi hørte to polske julesongar på trekspill også. Havklang – eit kor frå Værlandet og Bulandet deltok på konserten. Dei sang tre songar, og ilag med Askvoll kyrkjekor to fellessongar. Sidsel Anita sang to fine julesongar. Askvoll Musikklag spelte tre stykke og avslutta konserten med «Deilig er jorden».

Alle som synger, spiller og har lyst å delta på julekonsert neste år må melde seg i god tid. Og om det blir fleire deltakarar, kan vi dele opp konserten og ha ei sosial stund med kyrkjekaffi mellom.


Sabina



Konsertsjef Sabina opna showet!



Ukrainsk kor



Solo ved Sidsel Anita



Oleksandra spelte piano og sang solo på konserten



Yaroslav spelte ukrainsk julesong



Noelle sang «Julehjerter»

Takk til Antonina Dubograi for bilder

Mange unge, flinke talentar i Askvoll



Barnekoret opptrer på julekonserten

I haust starta vi prosjektkor i Askvoll sokn for born på 8, 9 og 10 år. Det var 6 øvingar i haust, og dei deltok lysmessa i Askvoll kyrkje 30. november og julekonserten 3. desember. 4 av 8 born klarte å synge solo, det er heilt fantastisk! Også nokon av dei song solo eller spelte på solostykke på forskjellige instrumente på julekonserten.

Soknerådet har bestemt at eg kan fortsette i vår med barnekoret mot Påske, så dei kan delta på både barnegudstenesta på barnefestivalen i februar, og høgtidsgudstenesta Påskedag i Askvoll.

Kanskje du, som er 8, 9 eller 10 kan begynne å synge med oss? Veldig kjekke øvingar, kor vi varmer opp stemmane våre først, synger forskjellige songar/salmar etterpå og har pause med bibelfortellingar om Påska (i hausten om Jul), drikker saft, spiser kjeks, og deretter synger meir.

Sabina



Godt med saft og kjeks innimellom sangøktene

Øvingar til våren

20. januar	Tysdagar
3. februar	kl. 16.00 – 17.30
17. februar	
3. mars	i Askvoll kyrkje
24. mars	

Velkomen!



Aleksander spelar på lysmessa

BARNEFESTIVALEN 2026

Lørdag 7. februar

- | | |
|----------------|---|
| Kl 10.00–11.00 | Dueslipp
– for dei som er døypte siste året |
| Kl 12.00–15.00 | Tårnagentene
– for dei som er 7, 8 eller 9 år |
| Kl 16.00–17.00 | Kyrjekaraoke
– for dei som er 10 eller 11 år |

Søndag 8. februar

- | | |
|----------------|--|
| Kl 10.00–11.00 | Tur saman med Barnas Turlag
– for heile familien |
| Kl 11.00–12.00 | Barnefestivalgudsteneste
med Bibelutdeling til 11-åringane
– for heile familien |
| Kl 18.00–18.45 | Kirkerotteteater
– for dei som er 4, 5 eller 6 år |

Mandag 9. februar

- | | |
|----------------|--|
| Kl 09.45–10.15 | Småtroll-Trall – for dei minste barna
i Askvoll barnehage |
| Kl 10.30–11.15 | Stortroll-Sprell – for dei største barna
i Askvoll barnehage |

Alle arrangement i Askvoll kyrkje

Nytt inngangsparti til Holmedal kyrkje

Denne hausten har Holmedal kyrkje fått eit flott løft! No kan vi gle oss over eit nytt inngangsparti med rampe for universell utforming. Dette gjer det enklare for alle å kome inn i kyrkjerommet.

Rampa er solid bygd i drenerande betong, støypt utanpå den gamle trappa som er bevart. Ho har fått toppdekke med innstøyt skifer og natursteinsmur som står i stil med den gamle muren. Skiferhellene, trappetrinna og steinmuren kjem frå same steinbrot på Oppdal – ekte Oppdal-skifer!

Arbeidet skulle eigentleg vere ein del av det store restaureringsprosjektet på veggjar og tak i 2023, men vart utsett av økonomiske grunnar. Gravdal Skog- og Hageservice AS har utført jobben, til ein verdi på litt over 600.000 kroner.

I tillegg til rampa er det lagt nye dreneringsrør rundt kyrkja for å leie bort takvatn og overflatevatn. Dette skal verne bygningen mot framtidige fuktskadar.

Dei to store bøketre ved porten er òg fjerna. Rotsystemet kunne skade kyrkjegardsmuren, og tunge greiner utgjorde ein risiko for både folk og utstyr. Store trekroner tett på bygningen gjer dessutan at veggane tørkar saktare etter regn, noko som aukar faren for fuktskadar.



Nytt inngangsparti.

Nytt samarbeid om kyrkjelydspedagog – satsing på born og unge

Vi startar på ny frisk! Sokna i Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Høyanger har gått saman om eit spennande prosjekt: ei felles stilling som kyrkjelydspedagog. Målet er å styrkje den kyrkjelege undervisninga for born og unge frå 0–18 år i heile regionen.

Bispedømmet støttar satsinga med 150.000 kroner i året dersom vi får på plass denne stillinga. Kyrkjelydspedagogen vil ikkje berre bidra til undervisning, men også vere med å avlaste prestetenesta – særleg når det gjeld familiesamlingar med gudstenesteleg preg og konfirmentarbeid.

Ei viktig satsing for framtida

Det er om lag 1350 kyrkjemedlemer i aldersgruppa 0–18 år i sokna. Planar for kyrkjeleg undervisning er vedtekne, men ikkje alle tiltaka er innfasa enno. Med ein felles pedagog får vi ein nøkkelperson til å følgje opp og vidareutvikle desse planane, i tett samarbeid med lokale utval, prestane og andre medarbeidarar.

Arbeidet vil gå føre seg i heile regionen, med Alværa kyrkje- og misjonssenter som ein naturleg samlingsstad. Her finst gode lokale med

multimediautstyr, fleksibel møblering og kjøkkenfasilitetar – alt som trengst for å skape gode møteplassar for born og unge.

Ledig prosjektstilling

Stillinga som kyrkjelydspedagog er ei prosjektstilling på inntil 100 % i tre år, med høve til å dele opp stillinga og arbeide i team. Den som vert tilsett får ei leiande rolle i å realisere og vidareutvikle planane i sokna.

Oppstart er planlagt til 1. februar eller etter avtale. Fullstendig utlysing for stillinga og for meir informasjon om sokna og undervisningstilbodet kan du sjå:

- www.kyrkja.no/askvoll
- www.kyrkja.no/fjaler
- www.hyllestad.kyrkja.no
- www.kyrkja.no/hoyanger

Vi trur dette prosjektet vil bety mykje for born og unge i kyrkjene våre – og for fellesskapet i regionen og kryssar fingrene for at vi får på plass gode søkjarar.

Votivskip til Askvoll kyrkje



Inge Fristad med Den Norske Løve.

Denne hausten har Askvoll kyrkje fått eit heilt spesielt tilskot – sitt eige votivskip! Skipet er ei gåve frå Inge Fristad, som har bygd ein modell av linjeskipet Den Norske Løve.

Originalen vart bygd i København og sjøsett i 1765. Skipet var tungt bevæpna og prydt med den norske løva. Det vakta Øresund og Skagerrak i storm og stille, og var eit flytande festningsverk med 70 kanonar. Etter mange år i teneste enda det som blokkskip og ga husly for heimlause – såleis gjekk skipet frå makt til omsorg.

Å henge opp skipet i kyrkja viste seg å vere meir omfattande enn ein skulle tru, sidan ein måtte ta omsyn til HMT-reglar. Byggmeister Jan Vidar Høyvik rigga stillas inne i kyrkja og sørgde for trygg opphenging. Arnt Johny Langeland bidro også med dugnadsarbeid for å få skipet på plass.

Ein stor takk til alle som har vore med på å gjere dette mogleg!

Rune Ziener



Stillas i kyrkja.



Min julesalme - Kling no klokka

Kling no, klokka!
Ring og lokka,
ring og lokka frå tusen tårn!
Tona om frelsa!
Kalla og helsa,
kalla og helsa med fred Guds born!
Kling no, klokka!
Ring og lokka,
ring og lokka frå tusen tårn!

Songar sæle,
englemæle,
englemæle med livsæl ljod!
Far gjennom grender, strøym over strender,
strøym over strender som toneflod!
Songar sæle,
englemæle,
englemæle med livsæl ljod!



Eg tykkjer at denne gamle salmen, skriven av Elias Blix, er så vakker og fortentar å bli helden fram i lyset! Den kom på trykk i 1891.

Kvar julekveld ringer kyrkjeklokkene i ein heil time i bygd og by i heile Noregs land. Dei ringer inn jula, den store, glade høgtida midt på svarte vinteren. Dei kallar til kyrkje, og folk i sin finaste stas møtas, høyrer juleevangeliet og syng dei kjende og kjære julesalmane.

Kyrkjeklokkene ringer for oss i alle store hendingar

Sæle stunder,
store under,
store under og løyndoms skatt!
Møyi vart moder,
Gud vart vår broder,
Gud vart vår broder i jolenatt.
Sæle stunder,
store under,
store under og løyndoms skatt.

Barn er bore.
Barnekåret,
barnekåret ved det me vann.
Anden no føder
oss til hans brøder,
oss til hans brøder, Guds born som han.
Barn er bore.
Barnekåret,
barnekåret ved det me vann.

Sjå det dagast,
snart det lagast,
snart det lagast til høgtid ny!
Då skal oss klokka
leikande lokka,
leikande lokka til helg i sky.
Sjå, det dagast,
snart det lagast,
snart det lagast til høgtid ny!

(Elias Blix 1891)

i liva våre, når vi blir døypte, ved konfirmasjon, til bryllaup og i gravferd.

Alle som har sete i ein benk i Vilnes kyrkje har kjent det i ryggen heilt fysisk når den gamle klokka frå 1889 har ringt, dette er ekte saker!

Lyden av klokka kan på stille dagar høyrast fleire kilometer unna.

Med ynskje om ei Gledelig Jul.

Lillian Oddekallv Gjervik



Engleverkstad og lysmesse

I adventstida hadde vi lysmesse i rundt om i soknet. Før lysmessa i Bulandet, Askvoll og Kvammen var 7-åringane inviterte til Engleverkstad med Sabina. Konfirmantane våre deltok med tekstlesing og lys-tenning og skapte god stemning i adventstida.

Sabina



Kjekt å lage englar



Englevinger kan også brukast som hatt!



Flotte englar fekk plass på juletreet



Lystenning og forbønn

Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte
hjelpe dykk som pårørende,
med alt som høyrer
ei verdig gravferd til.

Blomstertorget A/S
Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569
www.blomstertorget.no

Fjordane
BEGRAVELSESBYRÅ

NÅR DU MISTER EIN DU ER GLAD I

Å ta kontakt med eit gravferdsbyrå for å få råd om vegen vidare kan vere ein god måte å starte prosessen. Vi ønskjer å stå til teneste med råd, rettleiing og praktisk hjelp i planlegging av gravferda. Vi kan kontaktast alle dagar, heile døgnet.

FLORØ

Døgnbemanna telefon: 57 74 31 36
Markegata 42, 6905 Florø
E-post: post@fjordan.no

FØRDE

Døgnbemanna telefon: 57 82 70 30
Lindbøen 2, 6809 Førde
E-post: post@fjordan.no

www.fjordan.no

Ein månadleg, sosial møteplass på Olset bedehus

Nokre av oss har snakka litt om at det hadde vore kjekt å kunne gje eit sosialt tilbod, primært for vaksne, på Olset bedehus.

Bedehuset der har eit fint lokale som er relativt lett å varme opp, og det er kjekt om det blir endå meir brukt. Programpostar har vi ikkje «tømra fast», men vi snakka litt om vaffelsteiking og kaffikos, kanskje nokon ville strikke, eller vi kunne ta opp eit emne, t.d. livssyn og tida vi lever i? Viktig at alle ville føle seg vel, og så kunne «vegen» bli litt til undervegs.

Mogleg oppstartdato har vi ikkje bestemt, men no vil vi nytte høve til å luften denne ideen og å få det inn i kyrkjebladet sitt julenummer.

På vegner av fleire, Ragnar



Til kyrkjebladet

No har eg snart vore sokneprest i Askvoll sokn i eit halvt år, og eg tenkte det hadde vore fint med ein liten oppsummering av kva som har skjedd i haust, og tankar framover. Det har vore ein begivenhetsrik haust, og tida har gått fort. Sjølv om eg har jobba som diakon i Gaular sokn i åtte år, var det ein del nytt å sette seg inn i. Eg set difor pris på godt samarbeid med kollegaene mine på kyrjekontoret. I tillegg samarbeider eg med Knut Arne Kummenje, som er sokneprest i Fjaler sokn. Vi førebur og har konfirmandundervisninga i lag, både i Askvoll og Fjaler. Det er veldig fint å vere to om dette arbeidet. Konfirmandane vart tidleg i haust presentert på gudsteneste i dei ulike kyrkjelydane, og deltek i desse tider på lysmesser i dei ulike kyrkjelydane. Sabina har hatt engleverkstad for sjuåringar i forkant av nokre av lysmessene. Elles har vi hatt utdeling av bøker for fire og seksåringar, og kors til femåringar. I løpet av hausten har det vore både ein del dåp og ein del gravferder.

Eg kjenner at det er meir travelt å jobbe

som sokneprest enn som soknediakon. Likevel trivest eg godt, og det er kjekt å ha så varierte arbeidsoppgåver, og å verte kjent med nye menneske.

Askvoll sokn har mange kyrkjer og ein vidstrekt geografi. Opp i alt dette skal Sabina og eg prøve å ha litt familieliv i helgane òg. Vi kjem difor til å avgrense kveldsgudsteneste til spesielle høgtidsdagar, og i mest mogleg grad ha gudsteneste enten kl. 11.00 eller 14.00.

På øyane er det ikkje like lett å få det inn i den malen. På Bulandet vert det 10.15 og av og til 14.00, og på Atløy 11.00 eller 13.30.

Denne rytmen kjem vi til å innføre meir fast frå hausten av, sidan det for våren allereie var ganske satt då eg byrja som sokneprest. Dette seier eg no sånn at de forstår kva som ligg bak vurderingane våre. Utover det er vi sjølvsagt opne for innspel om det er noko særskild ein ynskjer å få til ein gong i blant.

Med det ynskjer eg dykk alle ei riktig god jul!

Ragnhild Stav

Velkommen til gudsteneste



ASKVOLL KYRKJE

Julaftan 24. desember kl. 16.00
Julegudsteneste
Offer til Kirkens Nødhjelp

Søndag 18. januar kl. 14.00
Gudsteneste
Offer til Sjømannskyrkja-Norsk kyrkje i utlandet

Søndag 8. februar kl. 11.00
Familiegudsteneste med utdeling av teikneseriebibel til elleveåringane. Barnefestival

Onsdag 18. februar kl. 19.00
Gudsteneste oskeonsdag

Søndag 1. mars kl. 17.45
Temagudsteneste med konfirmantane



STONGFJORDEN KAPELL

Fredag 2. juledag kl. 11.00
Gudsteneste
Offer til Kirkens Nødhjelp

VÆRLANDET

Søndag 8. februar kl. 10.30
Gudsteneste

Palmesøndag 29. mars kl. 14.30
Gudsteneste



HOLMEDAL KYRKJE

Julaftan 24. desember kl. 14.00
Julegudsteneste
Offer til Kirkens Nødhjelp

Torsdag 29. januar kl. 18.00
Salmekveld v/Sabina
Offer til kyrkjemusikalsk arbeid

Søndag 22. februar kl. 14.00
Familiegudsteneste med utdeling av teikneseriebibel til elleveåringane
Offer til Det Norske Misjonsselskap

Søndag 22. mars kl. 11.00
Gudsteneste
Offer til Skilbrei Ungdomssenter



VILNES KYRKJE

Julaftan 24. desember kl. 11.30
Julegudsteneste
Offer til Kirkens Nødhjelp

Søndag 1. februar kl. 14.30
Familiegudsteneste med utdeling av teikneseriebibel til elleveåringane
Offer til Redd Barna

Søndag 8. mars kl. 14.30
Gudsteneste
Offer til kyrkjelydsarbeidet



BULANDET KAPELL

Juledag 25. desember kl. 13.00
Høgtidsgudsteneste
Offer til Frelsesarmeen

Søndag 18. januar kl. 10.15
Gudsteneste
Offer til Kyrkjelydens Misjonsprosjekt

Søndag 1. februar kl. 10.15
Familiegudsteneste med utdeling av teikneseriebibel til elleveåringane
Offer til kyrkjelydsarbeidet

Søndag 8. mars kl. 10.15
Gudsteneste
Offer til Kyrkjebladet



KVAMMEN KAPELL

Julaftan 24. desember kl. 14.00
Julegudsteneste
Offer til Kirkens Nødhjelp

Søndag 4. januar kl. 11.00
Gudsteneste
Offer til kyrkjelydens misjonsprosjekt

Søndag 22. februar kl. 11.00
Familiegudsteneste med utdeling av teikneseriebibel til elleveåringane
Offer til Jonasklubben

Torsdag 5. mars kl. 18.00
Salmekveld v/Sabina
Offer til kyrkjemusikalsk arbeid

Søndag 29. mars kl. 11.00
Gudsteneste palmesøndag.
Offer til kyrkjebladet

Kyrkjelege handlingar

GRAVLAGDE

HOLMEDAL

19.08.25	Jørgen Martin Vik	f. 1947
19.08.25	Aud Petra Tangedal	f. 1930
17.11.25	Helga Sofie Rivedal	f. 1918

VILNES

07.08.25	Norvald Harald Gjervik	f. 1949
01.11.25	Astrid Berit Leirvåg	f. 1936

STONGFJORDEN

07.08.25	Lars Nytingnes	f. 1931
12.10.25	Embjørg Hildur Steindal	f. 1933
14.10.25	Sylvi El Sayed	f. 1949

BULANDET

27.08.25	Sigrid Petra Sandøy	f. 1936
4.11.25	Marit Maria Grepstad	f. 1934

GJELSVIK

04.10.25	Anne Lise Stubhaug	f. 1954
08.10.25	Karl Johan Hegrenes	f. 1933

ASKVOLL

31.07.25	Sverre Edvin Ask	f. 1942
28.08.25	Ivar Byrkjeland	f. 1939
30.08.25	Arne Martin Frøholm	f. 1944
06.11.25	Bergljot Thuland	f. 1931
06.11.25	Oddvar Reidar Indrebø	f. 1942
06.11.25	Einar Helleseth	f. 1938
22.11.25	Vigdis Follevåg	f. 1947

DØYPTE

ASKVOLL

08.06.25	Iben Follevåg Øyasæter
30.08.25	Emil Kvamme Johanna Ask Henriksen
30.11.25	Ella Eide Follevåg Mailey Sofie Stubseid Nedrebø

KVAMMEN

24.08.25	Ludvik Valaker Leknes
----------	-----------------------

VILNES

31.08.25	Elias Mjåseth Nokken Milian Valencia Takle
05.10.25	Oliver Mjåseth Ulvik Henrik Sydnæs Hugøy

HOLMEDAL

31.08.25	Kristian Rutledal Os Ulrik Jacobsen Vårdal
----------	---

BULANDET

26.10.25	Laurits Grepstad
----------	------------------


VIGDE

ASKVOLL

30.08.25	Ingri-Eline Vik og Espen Kvamme
----------	---------------------------------

VÆRLANDET

06.09.25	Elena Maria Leite og Vegard Leite
----------	-----------------------------------



Returadresse: Askvoll kyrkjekontor, Boks 14, 6988 Askvoll



Dåp
– ein god start på livet

Vi får ikkje lenger informasjon om nyfødde barn. Difor får vi ikkje sendt ut dåpsinvitasjon til nybakte foreldre, slik vi gjorde før.

Ta kontakt om du ynskjer dåp!
Send epost til post.askvoll@kyrkja.no, eller ring mobilnr. 918 74 724


DEN NORSKE KYRKJA
Askvoll sokn



DEN NORSKE KYRKJA Askvoll



KYRKJEVERJE

Rune Ziener

✉ rz459@kyrkja.no

☎ 479 63 319



KYRKJESEKRETÆR

Hildegunn Hellest

✉ sekretaer.askvoll@kyrkja.no

☎ 918 74 724




PREST

Ragnhild Stav

✉ rs532@kyrkja.no

☎ 909 67 627



KANTOR

Sabina Baylarbayova

✉ sb963@kyrkja.no

☎ 930 81 399



*Julekonsert i
Holmedal kyrkje*

20 | des | 18.00

Kom og høyr flinke aktørar frå
fjern og nær!
Dørene opnar 17.30
gratis inngang,
kollekt til Orgelet i Holmedal
kyrkje



vipps

Betal gjerne kyrkjebladet med Vipps til
692979
Rettleiande kr 200,-

ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll

Askvollvegen 398, 6980 Askvoll

Telefon: 918 74 724 · E-post: post.askvoll@kyrkja.no

Heimeside:

Facebook: www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll.

Kyrkjebladredaksjonen:

Rune Ziener (ans. red.), Hildegunn Hellest

Leiar Askvoll sokneråd: Wenche Ness Gabrielsen, tlf. 906 07 728

Org.nr. 976 996 267 • Bankkonto: 3740.15.57696

